



ULSTEIN KOMMUNE



Skuleskildringar og kapasitetsvurderingar

Ulstein kommune

28.04.2025

www.ulstein.kommune.no

Innhold

Samandrag.....	3
1 Lovverk:	4
1.1 Innandørs arealnormer for skular	4
1.2 Utandørs arealnormer for skular	4
2 Skuleskildringar.....	5
2.1 Skulebehovsplan Ulstein kommune 2016–2030	5
3 Ulstein skule	6
3.1 Skildring av hovudfunksjonar	6
3.1.1 Uteområdet	6
3.1.2 Lokala til personalet og skuleleiinga.....	6
3.1.3 Lærings- og elevareal.....	6
3.2 Elevkapasitet.....	7
3.3 Konklusjon:	8
4 Haddal skule og grendahus	9
4.1 Skildring av hovudfunksjonar	9
4.1.1 Uteområdet	9
4.1.2 Lokala til personalet og skuleleiinga.....	9
4.1.3 Lærings- og elevareal.....	9
4.2 Elevkapasitet.....	11
4.3 Konklusjon:	11
5 Hasund skule	12
5.1 Skildring av hovudfunksjonar	12
5.1.1 Uteområde	12
5.1.2 Lokala til personalet og skuleleiinga.....	12
5.1.3 Lærings- og elevareal.....	12
5.2 Elevkapasitet.....	13
5.3 Konklusjon	14
6 Ulsteinvik barneskule (A og B - bygget).....	15
6.1 A-bygget(1996)	15
6.1.1 Skildring av hovudfunksjonar	15
6.2 B-bygget (2021)	17
6.2.1 Skildring av hovudfunksjonar	17
6.3 Samla kapasitet ved Ulsteinvik barneskule	18
7 Elevkapasitet 1. 7. trinn i skulekrinsane	19

Samandrag

Ulstein skule

Generelt læringsareal er 408 m², som gir ein kapasitet på 87 elevar. I hovudbygget har skulen 6 klasserom i tillegg til eit mediatek som blir nytta som klasserom for mottak. Skulen sin kapasitet er rekna til 120 elevar. Aldersblanda grupper er ein føresetnad i dette talet.

Haddal skule

Generelt læringsareal er 309 m², som gir ein kapasitet på om lag 65 elevar. Skulen har 5 klasserom og 3 grupperom, samt spesialrom for kunst og handverk, gymsal og skulekjøkken. Skulen har ein kapasitet på fem større grupper på 20 elevar, og nokre mindre grupper. Skulen sin kapasitet er difor vurdert til 120 elevar. Aldersblanda grupper er ein føresetnad i dette talet.

Hasund skule

Generelt læringsareal er 971 m², som gir ein kapasitet på om lag 207 elevar. Skulen har 12 klasserom i hovudbygget og 4 klasserom i brakkebygget, som i dag vert nytta av SFO og forsterka norskopplæring (FON). Samla kapasitet er justert til 280 elevar grunna manglar i støttefunksjonar.

Ulsteinvik barneskule (A og B - bygget)

A-bygget: Bruksareal generelt læringsareal er 1015 m², som gir ein kapasitet på 216 elevar. Skulen har 20 klasserom og 10 grupperom, men mange av spesialromma er brukte til faste klasserom grunna høgt elevtal.

B-bygget: Den nye delen av skulen har eit totalt areal på cirka 2430 m² og inneheld 9 klasserom med ein gjennomsnittleg størrelse på 69 m².

Samla kapasitet for begge bygg er 651 elevar basert på generelt læringsareal.

	Ulstein skule	Haddal skule	Hasund skule	Ulsteinvik barneskule	SUM
Vurdert kapasitet (elevar)	120	120	280	651	1 171

1 Lovverk:

1.1 Innandørs arealnormer for skular

Det er ikkje lovregulering som set grenser for maksimum eller minimum elevtal ved skular, men det er retningslinjer for kor mykje areal per elev som skal vere tilgjengeleg til ulike funksjonar, ute og inne. Retningslinjene finn vi i *Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger* (Helse- og omsorgsdepartementet, 2023), med *Veileder* (Helsedirektoratet, 2023). Rettleiaren seier at kva som er tilstrekkeleg innandørs areal må vurderast konkret. Det må takast omsyn til utforming, møblering og ventilasjon i romma. Læringsarealet for ei klasse/ elevgruppe skal kunne leggje til rette for varierte arbeidsformer og naudsynt utstyr til undervisning:

Klasserom/hovudrom bør vere 2,5 kvadratmeter per elev, med mindre klassa disponerer tilleggsareal i nærleiken av klasserommet/hovudrommet. Areal for tilsette kjem i tillegg til arealnorna per elev, [sjå rettleiing frå Arbeidstilsynet](#). Når ei klasse/elevgruppe disponerer tilleggsareal (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærleiken av klasserommet/hovudrommet, kan klasserommet/hovudrommet planleggast etter ei arealnorm på minimum 2 kvadratmeter per elev. Så lenge inneklimate er tilfredsstillande og aktiviteten i rommet er tilpassa, kan elevtalet i enkeltrom (som til dømes formidlingsrom og auditorium) vere høgare enn norma på 2 kvadratmeter per elev tilseier.

1.2 Utandørs arealnormer for skular

Forskrifta stiller krav til utforminga av uteområde. Kravet til helsefremjande uteområde føreset at uteområdet har ein viss storleik for å få plass til kvalitetar i utforminga, som naturelement, variert terreng m.m. for å sikre mangfaldig bruk og hindre slitasje. Gjeldande tilråding er 50 m² per barn som blant anna har blitt vurdert på bakgrunn av rapport fra NMBU i 2019 om [Uteområder i barnehager og skoler – hvordan skape kvalitet i utformingen?](#) (nmbu.no)

NMBU-rapporten byggjer på erfaringsinnsamling frå Noreg og dei nordiske landa, i tillegg til internasjonal forskning publisert på feltet, både med omsyn til arealstorleik og kvalitet på uteareala. Arealtilrådingar for skular varierer mellom landa og kommunane (sjå oversikt).

Arealtilrådingar for skular varierer mellom 30 m² per elev i Sverige til 50 m² i Noreg. Finland opererer med ein tommelfingerregel om total tomtestorleik for skular på følgjande måte: 1,5 ha + talet på elevar × 20 m². Dette inkluderer område for sport. Ei skuletomt med 500 elevar vil dermed vere på 25 000 m². Vi har fått oppgitt frå Finland at uteområda oftast varierer mellom 10–20 m² per elev avhengig av plassering.

	Skoler m ² pr elev
Norske kommuner	
Oslo	Indre by 12 - 18, Ytre by 18 - 24 Fravik når nær park.
Kristiansand	33
Vågsøy	(50)
Trondheim	25
Tromsø	Kun funksjonskrav
De nordiske landene	
Island	Ingen
Norge	50, min samlet areal 5000 m ²
Sverige	30, min samlet areal 3000 m ²
Finland	Totalareal hele tomte: 1,5 haa + Antall elever × 20 m ² Dette inkluderer områder for sport. Uteområde: Minimum antall elever × 5 m ² , min. samlet areal 500 m ²
Danmark	Ingen

2 Skuleskildringar

2.1 Skulebehovsplan Ulstein kommune 2016–2030

Det vart gjort eit omfattande kartleggingsarbeid mht. skulekapasitet av Norconsult AS i 2016, i samband med utarbeiding av Ulstein kommune sin [skulebehovsplan \(2016-2030\)](#) (vedteke 28.04.2016 av Ulstein kommunestyre i sak PS 16/22). Mykje av informasjonen er like aktuell i dag då det ved fleire av skulane ikkje har vore vesentlege endringar i hovudfunksjonar og areal.

I skulebehovsplanen vurderte Norconsult kapasiteten til skulebygga på bakgrunn av fleire ulike faktorar (til dømes tilgjengeleg støtteareal, klasserom, grupperom, spesialrom osv.) Denne vurderinga vil framleis vere aktuell spesielt for Haddal, Hasund og Ulstein der det ikkje har vore gjennomført vesentlege kapasitet- og/eller bygningsmessige endringar. For Ulsteinvik barneskule har det skjedd vesentlege endringar med nytt påbygg og auka kapasitet.

Med bakgrunn i skulebehovsplanen har vi supplert og justert informasjonen til dagens bruk med data frå kommunen sitt FDV system FAMAC og uttale frå skuleleiinga ved kvar enkelt skule.

Vurdering av kapasitet:

Vurdering av kor mange elevar og tilsette den enkelte skule har plass til, er i stor grad basert på lokalt skjønn og tek i hovudsak utgangspunkt i det gamle klassesdelingstalet. For å sikre ei mest mogleg likebehandling og lik areal- og kapasitetsvurdering er elevkapasiteten i grunnskulane vurdert etter fastsette metodar, slik at alle skulane blir vurdert etter same kriteria.

Kapasitet ut frå bruksareal generelt læringsareal:

I skulebehovsplanen var det utarbeidd eit framlegg til arealnorm for barnesteget. Denne var tufta på Trondheim kommune si arealnorm for barneskular. I arealnorma blei det lagt til grunn eit nettoareal per elev på 4,7 m², som har vore brukt for å rekne ut elevkapasitet mht. generelt læringsareal. Dette er over det dobbelte av rettleiande arealnorm for klasserom. Les meir kapittel 4 i skulebehovsplanen 2016-2030 for meir informasjon om arealnorma.

Klasseromskapasitet:

Vi har sett på tal klasserom på dei ulike skulane og vurdert dette opp i mot elevgrupper på 25 elevar.

Om vi berre tek omsyn til kapasitet for klasseroma som isolert faktor vil det vere viktig å påpeike at andre areal på skulen kan vere ein avgrensande faktor, i tillegg til at blant anna varme, ventilasjon, garderobeplass eventuelt må kartleggast/vurderast.

3 Ulstein skule

Ulstein skule ligg nord for kommunesenteret, med utsikt over sjøen i Skeidsbukta. Skulen fekk eit påbygg i 2008. Skulen har tradisjonelle løysingar i det fysiske læringsmiljøet.

Skulen disponerer eit bygg på eitt plan, inkludert ein gymnastikksal.

Skuleåret 24/25 var det 81 elevar og 16 tilsette ved skulen. 12 lærarar fordelt på 11,81 årsverk og 4 assistentar fordelt på 1,51.

3.1 Skildring av hovudfunksjonar

3.1.1 Uteområdet

Stort og godt opparbeidd med fleire ulike leike- og aktivitetsområde.

Store delar av skulegarden er naturleg terreng. På vestsida av skulen ligg det ei grusfotballbane og ballbinge.

Tilgjengeleg areal for aktivitetar og leik i samband med undervisning og læring, SFO og friminutt er ca. 21 000 m², inkludert skulebygga og parkeringsareal. Det er eit fint uteområde og skulen har godt med plass til uteareal samanlikna med tilrådd norm frå Helsedirektoratet.

3.1.2 Lokala til personalet og skuleleiinga

Skuleleiinga og ekspedisjon er lokaliserte i nærleiken av personalrom med minikjøkken og lærararbeidsrom. Forkontor med kontorfullmektig er plassert nærast skulelobbyen, med ein korridor mellom. Storleiken på og funksjonaliteten til kontora er gode.

Lærararbeidsplassane er fordelte på to rom med glasvegg mellom, i same avdelinga. Kopimaskin og skrivjar er plasserte i romma. Det er ikkje eige møterom i nærleiken. Romma dekkjer lærarane sine behov etter anbefalt norm. Det er ein god garderobe og to toalett for personalet.

3.1.3 Lærings- og elevareal

Klasseromma er utforma som tradisjonelle undervisningsrom, av ulik storleik (6 rom). I eitt av romma er der sett opp skiljevegg. Det betyr at vi kan skilje ut eit ekstra rom/grupperom, men det blir ikkje lydett. Dette grupperommet blir i dag brukt til helsesjuepleiar.

SFO brukar klasseromma som base og har ikkje eigne lokale.

Det er eit **mediatek** på 60 m² som er plassert som eit eige rom midt i skulen. I dag blir «Mediateket» brukt som klasserom for mottak. Og pr i dag ikkje nytta til spesialrom.



Rom til **kunst og handverk** i kjellaren. Rommet i kjellaren er pr i dag ikkje godkjent som sløydsal då det manglar avtrekk Det er ikkje universielt utfoma, manglar vindaug, og er kronglete plassert mtp. på brannsikkerheit.

Gymsalen (ca 200 m2) med tilhøyrande garderobar er hensiktsmessig. Det er direkte tilkomst frå skulelobbyen. Skulen brukar salen til å samla alle elevane ved behov. Det er lagerplass knytta til hallen. Grendalaget brukar hallen til sine arrangement og gjennom sambruk fungerer skulen som eit grendahus.

Skulekjøkkenet er innreidd med 3 stasjonar og plass til 12 elevar i mat- og helse. SFO brukar rommet til sine aktivitetar og til måltid. Det er i dag ikkje spesielt avsett rom til **kantine**.

Musikkrom. Det er ingen av romma som er spesielt innreidde for musikk.

Naturfag/realfag/forskarrom. Det er ikkje eige rom til dette føremålet på skulen.

All opplæring i musikk og naturfag skjer i vanlege klasserom.

Oppsummert: Skulen manglar spesialrom til faget kunst og handverk, musikk og naturfag, og har i dag ikkje eigna rom til helsesjukepleiar. Ny opplæringslov seier at alle skular skal ha eit skulebibliotek. Skulen har avgrensa plass til dette.

Ulstein skule		
	Bruksareal (m2)	Tal rom
Samla bruksareal	1566	
Bruksareal generelt læringsareal	441	
Klasserom	354	6
Grupperom	54	4
Garderober og toalett	33	4
SFO		
Andre generelle areal (fellesareal, allrom etc.)		
Netto spesialisert læringsareal	232	
Mat og helse	73	1
Musikk		
Naturfag		
Kunst og handverk	99	1
Bibliotek	60	1
Andre spesialareal		3
Bruksareal personalavdeling	224	
Lærararbeidsplassar	99	
Kontor	38	
Forkontor	26	
Møterom		
Personalrom	44	
Personalgarderober/WC	17	
Kopi og arkiv		
Anna personalareal		

3.2 Elevkapasitet

Kapasitet ut frå bruksareal generelt læringsareal

Oppgjeve bruksareal generelt læringsareal for skulen er 408 m2. I dette arealet er ikkje garderobar og toalett teke med. Etter dagens norm 4,7 m2 pr. elev er lagt inn som faktor for å rekna ut elevkapasiteten i skulebygg for løysingar med tradisjonelle klasserom. Dette tilseier ein kapasitet på 87 elevar.

Klasseromskapasitet. I hovudbygget har skulen 6 klasserom. To av klasseromma har grupperom med tilkomst berre frå klasserommet. I tillegg er det eit lite rom som er i bruk til spesialundervisning. Eit elevtal på 87 vil gje ein kapasitet på 13 elevar pr trinn, fordelt på 7 rom. 4 av klasseromma har plass til grupper på rundt 25 elevar.

Skulen sett under eitt står i dag fram som ein skule som eignar seg for at fleire trinn har læringsøktene sin saman i faste grupper, ein fådelt skule. Då vil skulen ha kapasitet og nok rom til å dele gruppene etter pedagogiske vurderingar i løpet av skuleveka. Det er i dag ikkje plass til heile

grupper på alle 7 trinn, grunna at det er for få rom som er store nok til å romma heile grupper på rundt 28 elevar. Det vil då heller ikkje vere nok støtteareal til å drive praktisk, variert og tilpassa undervisning.

Netto spesialisert læringsareal summerer seg til 232 m². Det er godt innanfor forslag til arealnorm for netto spesialisert læringsareal.

Bruksareal til generelt læringsareal ligg til grunn for kapasitetsberekninga ved Ulstein skule. God funksjonalitet ved høg utnytting av elevkapasiteten krev god tilgang til og god utnytting av støttefunksjonar. Varierende storleik på klasseromma er avhengig av at varierende elevtal på dei ulike årstrinna er samanfallande og kan i motsett fall gje utslag på samla elevkapasitet for skulen.

3.3 Konklusjon:

Ulstein skule er bygt som ein tradisjonell fådelt skule med klasserom til fire større grupper. Det er tilhøyrande avlastningsrom som gruppene kan gjere seg nytte av ved behov for deling etter alder eller etter andre pedagogiske kriteria. Skulen har få grupperom. Om skulen må ta imot fleire elevar enn den er bygt for, vil dette gå ut over tilgjengeleg støtteareal, spesialrom og mogelegheita til å drive opplæring etter krava som blir stilte til ein framtidsetta skule. Skulen har ein kapasitet på fire større grupper på 25 elevar, og nokre mindre grupper. Skulen sin kapasitet er difor rekna til 120 elevar. Aldersblanda grupper er ein føresetnad i dette talet.

4 Haddal skule og grendahus

Haddal skule er nærskulen til barn i 1.–7. klasse i skulekretsane Haddal og Eiksund og ligg sør i kommunen. Skulen vart bygd i år 2000. Skulen er bygd med fire basar som ein fådelt skule.

Skulen disponerer eit hovudbygg på to plan. Delar av skulen er brukt som grendahus.

Skuleåret 24/25 var det 49 elevar og 18 tilsette. 14 lærarar fordelt på 12,24 årsverk og 4 assistentar fordelt på 1,43 årsverk ved skulen.



4.1 Skildring av hovudfunksjonar

4.1.1 Uteområdet

Uteområdet er fint laga til med fleire ulike leike- og aktivitetsområde. Det er variasjon mellom asfalt og naturleg terreng i skulegården. Elevane disponerer ei fotballbane og ballbinge og ein fin klatreskog.

Tilgjengeleg areal for aktivitetar og leik i samband med undervisning og læring, SFO og friminutt er ca. 12 000 m², inkludert skulebygga. Areal til parkering er ikkje rekna med i dette arealet. Det er eit fint uteområde og skulen har godt med plass samanlikna med tilrådd norm frå helsedirektoratet.



4.1.2 Lokala til personalet og skuleleiinga

Skuleleiinga og administrasjon er lokaliserte i ei eiga avdeling i 2. høgda, i nærleiken av personalrom og lærararbeidsrom. Forkontoret ligg nærast vestibulen, med god tilkomst for vitjande. Storleiken på kontora er gode, både for sekretær, inspektør og rektor. Støttefunksjonar som kopirom, arkiv og garderober for personalet er plasserte her.

Lærararbeidsplassane er fordelte på to rom i personalavdelinga med til saman 14 arbeidsplassar. Saman med eit møterom i nærleiken dekkjer desse romma lærarane sine behov etter anbefalt norm. Det er garderobe med to toalett.

4.1.3 Lærings- og elevareal

Klasseromma er utforma som tradisjonelle undervisningsrom. Skulen har 6 klasserom, der to av dei er mindre enn dei andre, opprinneleg teikna som grupperom. Skulen er planlagt med 4 klasserom med vanleg storleik med skyvedør til grupperom frå to av dei. Organisering av elevgruppene kan

varierast etter kor mange elevar som går på kvart trinn. Det er eit lite rom for spesialundervisning og elevar med store behov for tilrettelegging.

SFO har eige rom til disposisjon, som vert brukt til grupperom i skuletida. Dei disponerer også skulekjøkkenet og anna areal i grendahuset.

Skulebiblioteket ligg i 2. etasje og har open løysing til gangareal for eit klasserom. Arealet avsett til 73,5 m² og er innreidd med bokhyller og lese plassar i sofagrupper.

Skulen har fleire typar **spesialrom**. Desse er plasserte i ei eiga avdeling i underetasjen.

Kunst- og handverk disponerer eit rom med høvelbenkar og bord til arbeid med mjuke materialar. Det er også to små rom i tilknytning til hovudrommet, høvesvis til maling og verktoy. Det er også godt med lagerhyller med plass til elevarbeid.

Gymsalen med tilhøyrande garderobar er svært gode areal. Skulen brukar salen til å samla alle elevane ved behov. Det er ei scene i salen med mogelegheit for framføringar og tilstellingar. Gymnastikksalen vert brukt som ein del av grendahuset.

Skulekjøkkenet er innreidd med 3 stasjonar og felles spise plass til 12 elevar i mat- og helsefaget. Kjøkkenet er mykje i bruk på kveldstid av grendalaget og er innreidd med storkjøkkenmaskiner. Kjøkkenet er plassert nært gymsalen og med direkte tilkomst frå vestibulen.

Det er ikkje spesielt avsett rom til **kantine**.

Musikkrom i 1. etasje vert i hovudsak nytta som klasserom. Der er det direkte tilgang til eit lager til musikkinstrument og liknande.

Haddal skule		
	Bruksareal (m ²)	Tal rom
Samla bruksareal	1745	
Bruksareal generelt læringsareal	548,4	
Klasserom	228	5 rom
Grupperom	60	3 rom
Garderober og toalett	78	12 rom
SFO	36,4	2 rom
Andre generelle areal (fellesareal, allrom etc.)	146	1rom
Netto spesialisert læringsareal	280,4	
Mat og helse	56,9	2rom
Musikk	50	1 rom
Naturfag	16	1 rom
Kunst og handverk	84	4 rom
Bibliotek	73,5	1 rom
Andre spesialareal		
Bruksareal personalavdeling	168	
Lærararbeidsplassar	54	
Kontor	48	
Forkonttor		
Møterom	17	
Personalrom	35	
Personalgarderober/WC	15	
Kopi og arkiv		
Anna personalareal		

4.2 Elevkapasitet

Kapasitet ut frå bruksareal generelt læringsareal : Oppgjewe bruksareal til generelt læringsareal for skulen er 309 m². I dette arealet er ikkje garderobar og toalett teke med. 4,7 m² er pr. elev er lagt inn som faktor for å rekna ut kapasiteten i skulebygg for løysingar med tradisjonelle klasserom. Dette tilseier ein kapasitet på om lag 65 elevar.

Klasseromskapasitet. Skulen har 5 vanlege klasserom, 3 grupperom (i tillegg eit rom på 9 m² til elevar med store behov), musikkrom, bibliotek og skaparverkstad som alle kan brukast til klasserom for elevgrupper av ulike storleikar. Dei 5 klasse-/grupperomma har ein gjennomsnittleg storleik på 46,5 m². Klasseromskapasitet er vurdert til om lag 100 elevar.

Netto spesialisert læringsareal summerer seg til ca 280 m². Dette er innanfor forslag til arealnorm for netto spesialisert læringsareal for nye B100-skular.

Bruksareal til generelt læringsareal ligg til grunn for kapasitetsberekninga ved Haddal skule. God funksjonalitet ved høg utnytting av elevkapasiteten i klasseromma krev god tilgang og god utnytting av støtteareal. Det ligg godt til rette for å nytta støtteareala på Haddal skule. Ved å ta i bruk grupperomma til klasserom gir det støttefunksjonane noko avgrensa kapasitet. Det er tilstrekkeleg rom til støttefunksjonar for m.a. mediatek/bibliotek, musikkrom og naturfag, når dei ikkje blir låst av faste grupper. Det er gode fellesareal, og mykje vrimleareal/gangareal i begge etasjane. Noko av desse areala kan nyttast som avlastningsareal i læringsarbeidet. Samla elevkapasitet blir difor i stor grad avgrensa av plassen i klasseromma.

4.3 Konklusjon:

Haddal skule er bygt som ein fådelt skule med eit klasserom til kvar gruppe. Det er gode støttefunksjonar og fellesareal. Det er avlastingsrom som gruppene kan gjere seg nytte av ved behov for deling etter alder eller etter andre pedagogiske kriteria. Skulen står fram som heilskapleg og funksjonell. Kvalitetane i bygget er tidsriktige og kan brukast til læringsareal i mange år. Skulen har ein kapasitet på fem større grupper på 20 elevar, og nokre mindre grupper. Skulen sin kapasitet er difor rekna til 120 elevar. Aldersblanda grupper er ein føresetnad i dette talet.

5 Hasund skule

Hasund skule er nærskulen til barn i 1.–7. klasse for krinsane Hasund, Dimna, Gardshol, Botnen, Strandabøen, Sundgot, Røyra, Skjerva, Gjerdet og Ertesvågane.

Hasund skule ligg litt sør for kommunesenteret, ved sjøen i Hasund. Skulen fekk eit påbygg i 2008. Skulen har tradisjonelle løysingar i det fysiske læringsmiljøet.




Skulen disponerer eit hovudbygg på to plan, ein gymnastikksal og eit brakkebygg på to plan der SFO og FON (forsterka norskopplæring) er lokaliserte i dag.

Skuleåret 24/25 har skulen 149 elevar og 33 tilsette. 18 lærarar fordelt på 18 årsverk og 15 assistentar fordelt på 10 årsverk.

5.1 Skildring av hovudfunksjonar

5.1.1 Uteområde

Uteområdet er opparbeidd med fleire ulike til leike- og aktivitetsområde. Det er variasjon mellom asfalt og naturleg terreng i skulegarden. På sørsida av skulen og vest for brakkebygget ligg det ein ballbinge.



Tilgjengeleg areal for aktivitetar og leik i samband med undervisning og læring, SFO og friminutt er ca. 14 200 m², inkludert skulebygga og areal til parkering. Dette er innanfor ramma samanlikna med tilrådd norm frå Helsedirektoratet.

5.1.2 Lokala til personalet og skuleleiinga

Skuleleiinga og administrasjonen er lokaliserte i ei eiga avdeling i hovudhøgda, i nærleiken av personalrom og lærararbeidsrom. Kontorfullmektig har kontor nærast vestibylen, med ein korridor mellom. Storleiken på kontora er gode, både for sekretær, inspektør og rektor. I denne avdelinga er støttefunksjonar som kopirom, telefonrom og lager plasserte.

Lærararbeidsplassane er fordelte på tre rom i personalavdelinga. Saman med eit godt møterom i nærleiken dekkjer desse romma lærarane sine behov etter anbefalt norm. Det er dusj, to toalett for kvinner og eit toalett for menn.

5.1.3 Lærings- og elevareal

Klasseromma er utforma som tradisjonelle undervisningsrom. Det finnst nokre mindre grupperom.

SFO har sin base i eit eige bygg, avskjerma frå resten av skulen og med god tilgang til uteområdet. I brakkebygget er det 4 klasserom og 1 grupperom. Tre av klasseromma er i dag nytta av SFO, dei er i innreidde til SFO-basar. FON nyttar det fjerde klasserommet.

Det er eit **bibliotek/mediatek** som er plassert i eit ope areal mellom 6 klasserom, delingsrom og grupperom. Det er ei trapp med tilkomst frå underetasjen i dette arealet. Det er plassert fleire hyller med bøker i arealet, samt gjort nokre skjermingar mot transportareal og dørene til dei ulike romma.

Skulen har fleire typar **spesialrom**. Dei fleste av desse er plasserte i underetasjen.

Kunst- og handverksromma er samla i underetasjen. Det er eige rom for arbeid med trematerialar. Det er omn for keramikkbrenning og nokre små lagerrom. Skulekjøkkenet vert brukt til både mat og helse og til mjuke material i kunst- og handverksfaget.

Gymsalen med tilhøyrande garderober er føremålstenlege. Skulen brukar salen til å samla alle elevane ved behov. Det er ei scene i salen med mogelegheit for framføringar og tilstellingar.

Skulekjøkkenet er innreidd med 4 stasjonar og plass til 16 elevar i mat- og helsefaget. Ledig kapasitet i rommet blir i dag brukt til kunst og handverk. Det er eit kjøkken ved sidan av scena i gymnastikkavdelinga, med direkte tilgang inn i gymsalen. Dette vert disponert av grendalaget.

Det er ikkje spesielt avsett rom til **kantine**.

Musikkrom. Det er ingen av romma som er innreidde for musikk.

Naturfag/realfag/forskarrom. Det er ikkje eige rom til dette føremålet på skulen.

5.2 Elevkapasitet

Kapasitet ut frå bruksareal generelt læringsareal: Oppgeve bruksareal til generelt læringsareal for skulen er 971 m². I dette arealet er ikkje gangareal, garderober og toalett teke med. 4,7 m² er pr. elev er lagt inn som faktor for å rekna ut kapasiteten i skulebygg for løysingar med tradisjonelle klasserom. Dette tilseier ein kapasitet på om lag 207 elevar.

Hasund skule		
	Bruksareal	Tal rom
Samla bruksareal	2 763 m ²	
Bruksareal generelt læringsareal	1 194 m ²	
Klasserom	826 m ²	14 rom
Grupperom	124 m ²	7 rom
Garderober og toalett	135 m ²	17 rom
SFO	109 m ²	2 rom
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	-	-
Netto spesialisert læringsareal	257 m ²	
Mat og helse	56 m ²	1 rom
Musikk	-	-
Naturfag	-	-
Kunst og håndverk	107 m ²	7 rom
Bibliotek	94 m ²	1 rom
Andre spesialareal	-	-
Bruksareal personalavdeling	280 m ²	
Lærerarb.pl.	97 m ²	
Kontor	31 m ²	
Forkontor	17 m ²	
Møterom	38 m ²	
Personalrom	61 m ²	
Personalgarderober/WC	26 m ²	
Kopi og arkiv	12 m ²	
Annet personalareal	-	

Klasseromskapasitet. I hovudbygget har skulen 12 klasserom, 8 i hovedhøgda og 4 i underetasjen. Dei 12 romma har ein gjennomsnittleg storleik på 54,66 m². I tillegg er det 3 grupperom og eit delingsrom som kan brukast til eit lite klasserom. Nokre av dei mindre romma er bundne opp mot fast bruk for enkeltelevar.

Eit elevtal på 207 vil gje om lag 15 elevar pr klasserom, fordelt på 14 rom.

I brakkebygget er det 4 klasserom nytta til SFO-basar og FON. Brakkebygget er av meir førebels karakter. I eit langsiktig perspektiv har ikkje dette bygget kvalitetane som blir lagt til grunn for gode læringsareal. Sjølv om vi reknar klasseromma i hovudbygget som den reelle og langsiktige kapasiteten på skulen, utgjer dette bygget ein vesentleg kapasitet slik det er i dag. Bygget kan nyttast i fleire år framover. Av dette følgjer at klasseromskapasiteten på skulen blir rekna ut frå 25 elevar i 12 rom, og vil då utgjere 300 elevar.

Netto spesialisert læringsareal summerer seg til 257 m². Dette er under forslag til arealnorm for spesialisert areal.

Bruksareal til generelt læringsareal ligg til grunn for kapasitetsberekninga ved Hasund skule. God funksjonalitet ved høg utnytting av elevkapasiteten i klasseromma krev god tilgang og god utnytting av støtteareal. Enkelte av klasseromma har noko avgrensa kapasitet. Støttefunksjonar for mediatek, musikkrom og naturfag er mangelfulle og det er få grupperom, slik at samla elevkapasitet er justert til 280 elevar.

5.3 Konklusjon

Hasund skule er bygt som ein tradisjonell skule med eit klasserom til kvar gruppe. Skulen står fram som heilskapleg og funksjonell. Skulen har få grupperom og mediateket er lite funksjonelt. Manglar i støttefunksjonar gjer at skulen vert vurdert til ein total elevkapasitet på 280 elevar.

6 Ulsteinvik barneskule (A og B- bygget)

Ulstein barneskule ligg midt i kommunen, sentralt plassert i Ulsteinvik.

Ulsteinvik barneskule hadde skuleåret 2023–2024 omlag 454 elevar og 65 tilsette fordelt på ein ny og gamal del. De to bygningane er knytt saman med svalgang.

6.1 A-bygget(1996)

(i hovudsak henta frå skulebehovsplan (2016-2030 og informasjon frå skuleleiinga)

Den gamle delen av skulen stod ferdig i 1996 og er bygt som ein tradisjonell klasseromsskule. Lokala til personalet og skuleleiinga vart oppgradert i 2025.

Skulebygget er bygd over to hovudplan. Loftsetasjen er tatt i bruk til faste klasserom for elevane.



6.1.1 Skildring av hovudfunksjonar

6.1.1.1 Uteområdet

È tilrettelagt med ballplass, og varierte opphaldsplassar for elevane med asfalt og grasplenar rundt skulen.

Tilgjengeleg uteareal på tomta er om lag 12 840 m², inkludert skulearealet, men utan parkeringsplassane. Avtrykket av skulebygga utgjer om lag 1 920 m² for hovudbygget. Utrekna tilgjengeleg uteareal er om lag 10 600 m². Dette er under tilrådd norm frå Helsedirektoratet.



6.1.1.2 Lokala til personalet og skuleleiinga

Kontorlandskap

På A-bygget er det laga 4 kontorlandskap med 6-8 arbeidsplassar. Kvar brukar har eigen pult som har heve/senke-funksjon. Kvar pult har kontorstol, skuffeskap og eit reolskap. Reolskapet kan nyttast som skiljevegg mellom plassane.

Helsestasjonen får eige kontor i tilknytning utgangsdøra. Her kan elevane møte opp for samtale med helsesjukepleiar.

Møte/grupperom

Det er 3 møterom i personavdelinga. Desse er utstyrt med stolar, møtebord og skjerm. Det største rommet har også konferanseutstyr for digitale møter.

Det er 2 stillerom med to sitteplassar. Her kan dei tilsette ha samtaler med elevar, andre tilsette eller gjennomføre telefonsamtale.

Garderobe og kjøken

Garderoben er utstyrt med tre toalett og garderobeskap til tilsette. I tillegg er det eit handikaptalett.

Det er også eit tekjøkken med vask, oppvaskmaskin og kjøleskap. I tillegg er der skap til oppbevaring av tørrmat og kjøkkenutstyr.

Lager og kopirom

Det er 3 lagar i personalavdelinga. Dei er utstyrt hyller. Dette gjelder også kopirom som er sentralt i kontorlandskapet.

6.1.2 Lærings- og elevareal

Klasseromma er utforma som 20 tradisjonelle klasserom med ulik storleik. Dei fleste romma er over 60 m². Grunna høgt elevtal er rom som tidlegare var avsett til spesialisert læringsareal og støttefunksjonar, no brukte til klasserom. I tillegg er det 10 grupperom i bygget.

Trafikkarealet/gangarealet inne på skulen er tradisjonelle lange gangar som også fungerer som garderobar for elevane. Her er det ikkje lett å drive læringsarbeid. Trinna har lite tilgang på støtteareal.

Kvart trinn har eigen inngang frå uteområdet til **garderobar/gangar**. Elevtoaletta er svært små.

Skulen har eit **allrom/samlingsrom** i tredje høgda. Det har kapasitet til å samla halve elevmassen på skulen samstundes.

Spesialrom.

Skulen har tilgjengeleg nokre spesialrom, andre er brukte til faste klasserom.

Skulebiblioteket ligg i 2. etasje og har open løysing til gangareal for 5 klasserom. Arealet avsett til bibliotek er 125 m² og innreidd med plass til bibliotekar, reolar på hjul og lese plassar i sofagrupper. Det er plasserte datamaskiner til elevbruk langs den eine veggen. På teikninga er det avsett rom til mediatek i same høgda. Dette rommet er delt av med delingsvegg til eit mindre grupperom. Resten av arealet er eit datarom i samstundes som det er eit trafikkareal der elevane går til og frå andre funksjonar i bygget.

Ulsteinvik barneskule (A-bygget)		
	Bruksareal m ²	Tal rom
Samla bruksareal	4359	
Bruksareal generelt læringsareal	1742	
Klasserom	1329,8	20 rom
Grupperom	307,2	10 rom
Garderober og toalett	105	
Netto spesialisert læringsareal	758,2	
Sløyd	96,6	1 rom
Tekstil	55,9	1 rom
M&H	64,9	1 rom
Tilfluktsrom/leikerom	130,2	1 rom
Tilfluktsrom/leikerom	34,2	1 rom
Helserom/gr.rom	16,9	1 rom
Bibliotek	66,1	1 rom
Kjøken	14,5	1 rom
Allrom loft	278,9	1 rom
Bruksareal personalavdeling	368	
Lærararbeidsplassar	71 m ²	
Kontor	78 m ²	
Forkonttor	41 m ²	
Møterom	19 m ²	
Personalrom	74 m ²	
Personalgarderober/WC	56 m ²	
Kopi og arkiv	18 m ²	
Anna personalareal	11 m ²	

Kunst & Handverk

Vi har to rom til kunst og handverk. Romma blir brukt til tekstil og tresløyd, og blir først og fremst brukt av elevane på 5. til 7. trinn. Desse to romma kan nyttast av ein klasse til undervisning. Dei blir delt i to grupper som bytar etter første semester.

Tekstilrommet har symaskiner, ulike tekstilar og utstyr til strikking og broderi.

I sløydrommet blir det først og fremst arbeida med treprodukt av ulike slag. I rommet er det skap med ulike verktyg som elevane kan nytte seg av. I tillegg er det ein maskinpark som lærar kan nytte til førebuing og eventuelt hjelpe elevane. Sløyd har eige lager for oppbevaring av elevarbeid.

Vi har også eit eige lager og maling og teikningsmateriell. Det er planar om eigne rom for male/teikning og teknologi i K&H i første etasje. Per no vert undervisninga gjennomført i klasseromma.

Mat og helse

Skulekjøkenet har plass til 16 elevar fordelt på 4 grupper. Rommet vert først og fremst brukt til undervisning for elevane på 4. og 6. trinn. Rommet har ikkje eige lager og vaskerom.

Musikkrom

Vi har eit eget musikkrom på skulen og det er plass til ein klasse. Det har både piano og lydanlegg. I tillegg har skulen instrument til å øve på rytme og strenginstrument. Det er også eit grupperom som blir det med ein annan klasse.

Naturfag

Per dagsdato er det ikkje naturfagrom på skulen. Undervisninga vert gjennomført i ordinære klasserom.

SFO

SFO blir drifta på B-bygget og består av tre avdelingar. Vi brukar klasseromma og grupperomma til dette føremålet. På bygget er det to store grupperom med kjøken som vert brukt til matlaging for alle og base for to av avdelingane.

6.2 B-bygget (2021)

(Data i stor grad henta ut av kommunen sitt FDV-system)

Den nye delen av barneskulen blei teken i bruk i oktober 2021. Det nye bygget har eit totalt areal på cirka 2.430 kvadratmeter.

6.2.1 Skildring av hovudfunksjonar

Den nye delen består av inneheld klasserom (1-4 klasse) grupperom, SFO, administrasjonsavdeling, personalrom og arbeidsplassar for tilsette. Bygget



nyttar fjernvarme til oppvarming og kjøling, og også solceller som energikjelde

6.2.1.1 Uteområdet

Utvendig lekeareal er på 450 kvadratmeter.

6.2.1.2 Lokala til personalet og skuleleiinga

Administrasjonsavdelinga er lokalisert i første etasje. I denne delen finn ein 6 kontor med ein gjennomsnittleg areal på ca 10 m² i tillegg til mottak og kopirom. Lærararbeidsplassane er fordelt på tre arbeidsrom med eit nettoareal på ca 36 m² kvar. Dei tilsette har tilgang til 2 garderober med toalett og eit fellesareal som fungerer som mellom anna som personalrom med kjøkkenløsning på 153 m².

6.2.1.3 Lærings- og elevareal

Klasserom og grupperom

Skulen har ni klasserom med ein gjennomsnittleg størrelse på 69 m². Aller romma var over 65 m². I tillegg har. I første etasje er tre av klasseromma

lokalisert med 4 grupperom i nærleiken. I 2.etg er 6 av klasseroma og 8 av grupperoma lokalisert. ni av grupperomma er på ca 15 m² medan tre av grupperomma har ein størrelse på ca 35 m².

Garderober og toalett

I 1 etg. er det 3 garderober til elevane og totalt 5 toalett (1 HWC). I 2 etg er det meste av garderobeplassen til elevane lokalisert. Total 5 garderober og 10 toalett (1 HWC). Fellesareal i forbindelse med klasserom og garderober utgjør ca 264 m².

Ulsteinvik barneskule (ny del)		
	Bruksareal	Tal rom
Samla bruksareal	2440 m ²	
Bruksareal generelt læringsareal	1067 m ²	
Klasserom	621,5 m ²	9 rom
Grupperom	240,4 m ²	12 rom
Garderober og toalett	205 m ²	8/15 rom
SFO		
Andre generelle areal (fellesareal, allrom etc.)		
Netto spesialisert læringsareal		
Mat og helse		
Musikk		
Naturfag		
Kunst og handverk		
Bibliotek		
Andre spesialareal		
Bruksareal personalavdeling		
Lærararbeidsplassar	109 m ²	3 rom
Kontor	73,3 m ²	6 rom
Forkontor	16,7 m ²	1 rom
Møterom		
Personalrom	153 m ²	1 rom
Personalgarderober/WC	50 m ²	2/7 rom
Kopi og arkiv	14,5 m ²	4 rom
Anna personalareal		

6.3 Samla kapasitet ved Ulsteinvik barneskule

Ulsteinvik barneskule	Samla areal (m ²)	Tal rom
Samla bruksareal	6799	
Bruksareal generelt læringsareal	2980,4	
Netto spesialisert læringsareal	758,2	
Bruksareal personalavdeling	613,9	
Klasserom		29
Grupperom		23

Klasseromskapasitet. Skulen har tilsaman 29 klasserom alle med ein størrelse større enn 58 m², med det største på 80 m². Om ein berre tek omsyn til kapasitet for klasseroma som isolert faktor, er det teoretisk mogleg å få plass til 29 klassar med 25 elevar i kvar klasse for skulen samla (totalt 725 elevar). Då er alle rom fylte med elevar kvar time. Spesialiserte læringsareal vil då vere ein in knappheisfaktor som må utgreiast i tillegg til varme, ventilasjon o.l.

Samla kapasitet ut frå bruksareal generelt læringsareal

Generelt læringsareal for begge bygga utgjer ca 3000 m². Tek ein utgangspunkt i 4,7 m² pr. elev som faktor for å rekna ut kapasiteten i skulebygg for barnetrinnet vil dette tilseie ein kapasitet på 651 elevar ved skulen.

7 Elevkapasitet 1. 7. trinn i skulekrinsane

	Ulstein	Haddal	Hasund	Ulsteinvik	SUM
Samla bruksareal (m ²)	1566	1745	2763	6689	12763
Generelt læringsareal eks garderober og toalett (m ²)	408	309	1059	3062	4838
Spesialisert læringsareal (m ²)	232	265	257	433	1187
Bruksareal personalavdeling	224	168	280	785	1457
Antal klasserom	7	4	12	31	54
Gjennomsnittleg klasseromsstørrelse (m ²)	50,6m ²	57m ²	59m ²	68 m ²	58,6m ²
Antal grupperom	4	3	7	27	41
Klasseromskapasitet (25 elevar* antal klasserom)	175	100	300	725	1350
Elevkapasitet (generelt læringsareal)	87	66	225	651	1029
Vurdert elevkapasitet Multiconsult (2016)	120	100	280	-	-

For å kunne vurdere om kapasiteten vil vere realistisk må bla. ventilasjon ekstra transport og liknande vurderast særskild.